

Kjære 50-årskonfirmant!

Leveld, Torpo og Ål sokneråd ynskjer å arrangere eit jubileumstreff for dykk som vart konfirmerte i prestegjeldet vårt våren 1968.

Me gler oss over å kunne invitere til jubileum

Sundag 27. mai 2018.



Gudstenesta i Ål kyrkje er kl. 11.00 og studentprest Elin Lunde gjer teneste.

Den Norske Folkemusikkveka som årleg blir arrangert i Ål, er lagt til siste veka i mai og gudstenesta 27. mai ber preg av det, m.a. med folkemusikkliturgi frå Ål. Kvarts og Ål-koret deltek.

Møt opp til gudstenesta i god tid, seinast 10.50 – de skal få gå inn i prosesjon under preludiet og plassar til dykk vil bli reserverte framme i kyrkja.

Etter gudstenesta blir det felles fotografering i eller utanfor kyrkja.

Tidlegare år har svært mange brukt bunad på jubileumsdagen.

Så står bordet dekket på Sundre Gjestestugu der de kan samlast til småmat, kaffi og bløtkake. Pris for dette er kr. 400,-

Førehandsbetaling til Ål sokneråd, konto 2320.20.37992

seinast fredag 11. mai, merk innbetalinga med namn. Send gjerne påmelding på e-post: aal.kyrkje@hallingnett.no i tillegg, så har me e-postadr. di for seinare utsending av bilete.

Evt. Spørsmål, ring 32086161.

Hjarteleg velkomen!

Leveld, Torpo og Ål sokneråd

v/Torfinn Slåtto, Olav O. Moen og Anne Tunestveit